

Sak 4-24 Årsmelding Jordvern Norge 2024

Styret i 2023-2024 har bestått av:

Olaf Gjedrem, leiar

Øyvind Kjølberg, nestleiar

Frøydis Haugen, styremedlem

Åse Helen Monsø, styremedlem

Jon Erik Skjellnes Johansen, styremedlem frå Noregs Bondelag, erstatta av Trond Bjørkås sommeren 2024.

Ann Norderhaug, 1. vara

Øystein Haugerud, 2. vara

Are Hauge Braaten, sekretær.

Arbeidsåret 2023-2024:

I perioden 2023-2024 har det vore sju styremøte i tillegg til fleire AU-møter. Styret har fordelt oppgåvene i tri utval – arbeidsutvalet, økonomiutvalet og redaksjonsutvalet.

Arbeidsutvalet har bestått av Olaf Gjedrem, Øyvind Kjølberg, Are Hauge Braaten og Frøydis Haugen.

Økonomiutvalet har bestått av Øyvind Kjølberg, Øystein Haugerud, Gunnar Handeland

Redaksjonsutvalet har bestått av Ann Norderhaug, Frøydis Haugen og Åse Helen Monsø.

Inkludering av fylkeslaga:

Styrets medlemmar har alle ein knyting til eitt fylke eller region, som gjer at det har vore god kjennskap til forholda og dei aktuelle sakane i dei områda. For å sikre at styret er oppdatert på dei andre regionane som ikkje har styrerepresentantar har fylkeslaga vore invitert inn i eitt par styremøte i året for å diskutere aktuelle sakar. Det har gitt nyttig erfaringsutveksling både mellom fylkes- og nasjonalt ledd, men og mellom fylkeslaga.

Forslingsprosjekt:

Green Move:

Jordvern Norge deltek i prosjektet Green Move ved NTNU, der Olaf Gjedrem møter i referansegruppa.

Presset for å bygge på landbruksjord er stadig aukande. Sjølv om matjord er beskytta av lover og de fleste politikarar i prinsippet ønsker å beskytte matjorda ser vi stadig oftare at større areal blir brukt spesielt i nærleik av store byer.

Ein moglegheit for å redusere tapet av matproduksjon er å flytte jorda til et nytt sted. Dette her blitt gjort i fleire prosjekt, men det er avgrensa med forskning som har blitt

utført på dette området. Green Move har en heilheitleg tilnærming til problemet ved å undersøke med omsyn til jordbruk, miljø, politikk, ingeniørfag og geologi. Partnerane i prosjektet hele verdikjeda frå eigarar av infrastruktur (veg og bane), entreprenørar, konsulentar, kommune, statsforvaltar, bondelaget og Jordvern Norge. Dette sikrar at ulike omsyn blir vektlagt i prosjektet. I prosjektet består av to universitet (5 institutt) og SINTEF for å sikre en tverrfagleg forskargruppe som kan jobbe med denne komplekse utfordringa.

Det er ca 20 forskarar og fem PhD-studentar som jobbar saman med ti partnerari prosjektet.

Digitalt jordvernverktøy

Jordvern Norge etablerte i mars 2022 prosjektet Digitalt Jordvernverktøy, og søkte om støtte frå Berekraftsfondet. Forprosjektet fekk 250.000 i støtte til et forprosjekt, og dette ble slutført av NIBIO i mars 2024, og dette danna grunnlaget for en ny søknad i om et nytt hovudprosjekt. 500.000 til dette ble innvilga i august 2024, og detaljplanlegginga av dette går føre seg enno. Det er ei føresetnad at det finnast ein eigar av prosjektet etter avslutning etter 2 år, og det er ein prosess i gang for å få det på plass. Det er skipa ei referansegruppe som deltek i dette, og ulike aktørar som mellom anna AgriAnalyse er kontakta med tanke på gjennomføring av ei utvida kartlegging av behovet.

Digitalt Jordvernverktøy er eitt nytt verktøy for planarbeid, presentasjon og utvikling. Verktøyet skal hjelpe planarbeid på kommunalt og regionalt nivå og statsforvaltarens arbeid gjennom betre statistikk, betre kartfunksjonalitet som vert tilgjengeleg med eitt ope brukargrensesnitt.

Nasjonal jordvernkonferanse

Saman med NIBIO og Noregs Bondelag arrangerte Jordvern Norge ein nasjonal jordvernkonferanse 5. desember 2023. Politikarar og byråkratar deltok frå heile landet – dei i Osloregionen kom gjerne fysisk og dei med lengre reiseveg deltok over strauming.

Arbeid med framtidige samlingar

Det arbeidast med ein digital samling for lokalpolitikarar og andre interesserte om jordvern til 2025. Arbeidet er i startgropa frå hausten 2024 av.

Høyringar og brev:

Jordvern Norge har blant anna sendt inn høyringssvar til Regjeringa om Nasjonal transportplan og brev til regjeringa om behovet for eitt styrka jordvern.

Politiske møte:

I vår har det vore møte med Norges Bondelag om kravdokumentet til jordbruksforhandlingane der me blant anna mente at det burde setjast av midlar i LUF til tiltak som styrker jordvernet. Jordvern Norge viste til kritikken frå Riksrevisjonen, som meiner korkje staten eller kommunane bruker verkemidlane godt nok til å ta vare på matjorda vår.

I haust har det vore møte med statsekretær Tom Kalsås i samferdsledepartementet om attbruk av jord i samferdsleprosjekt.

Jordvernmål:

Jordvern Norge har følgd opp nytt jordvernmål og oppdatert jordvernstrategi med høyringssvar, brev og politisk kontakt.

Enkelt saker styret har arbeida med har blant anna vore:

Økonomi:

I arbeidsåret har Jordvern Norge fått statleg finansiering på 350.000,- i tillegg til prosjektstøtte til Digitalt jordvernverktøy frå Berekraftfondet. Organisasjonen har ein eigen økonomigruppe som arbeider med å styrke finansieringa. Grunna manglande søknad har me ikkje fått statsstøtte i 2025.